

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Lutelandet Utvikling AS.

Jan Henrik Nygård (V) reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Kunnskapsparken Vestland AS.

Helge Stormoen (FrP) reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Beredt AS.

Anne Gine Hestetun (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Ferde AS.

Jana Midelfart-Hoff (H) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er vararepresentant til styret i Beredt AS.

Karl Vågstøl (H) reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling AS.

Norlav Distad (H) reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Sogn og Fjordane Holding AS og Fjord Norge AS.

Medlemene trådde frå då utvalet behandla spørsmåla om habilitet.

Utvalet vedtok samråystes at Vågstøl var inhabil til å behandle punkt 3 i saka, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Han trådde frå under behandlinga av dette punktet.

Utvalet vedtok samråystes at Handegard, Nygård, Stormoen, Hestetun og Midelfart-Hoff og Distad var habile til å behandle saka.

Tor André Ljosland (KrF) sette fram følgjene forslag:

«Alternativ punkt 3

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.

Avråysting

Innstillinga til punkt 1, 2, 4 og 5 vart samråystes vedteke.

Tor André Ljosland sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster for innstillinga (Frp).

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.

4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærssenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefellesskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.